

Forslag til
Planprogram:

Kommunedelplan for
Idrett og fysisk aktivitet

2015 - 2022

Elisabeth Holme Knutsen

Rådgjevar kultur og idrett

Innhald

Innhald

1 Innleiing

2 Overordna føringar og rammer for arbeidet

2.1 Nasjonale føringar

2.2 Regionale føringar

2.3 Kommunale planar

3 Gjeldande plan

3.1 Handlingsprogram for anlegg og område 2003 – 2006

4 Omfang av planarbeidet – viktige problemstillingar

5 Behov for utgreiingar

6 Organisering og medverknad

6.1 Organisering

6.2 Medverknad

7 Framdriftsplan og planprosess

1 Innleiing

Handlingsplan for idrett og fysisk aktivitet skal reviderast og godkjennast for ein ny planperiode. Inneverande kommunedelplan er gjeldande for perioden 2003 – 2006, og planlegginga på feltet er noko på etterskot i høve behova. Spesielt for rulleringa er at folkehelse no blir ein viktig del av kommunedelplanen.

Planprogram skal etter plan- og bygningslova §4-1 utarbeidast som grunnlag for planarbeidet for alle regionale planar og kommuneplanar, samt kommunedelplanar. Planprogrammet skal gjera greie for føremål med planarbeidet, planprosessen og opplegg for medverknad. Planprogrammet skal vidare fastsette rammene for planarbeidet og sikra ein politisk forankring, samstundes som det gjer moglegheit for innspel før det konkrete planarbeidet blir sett i gang. Planen vil vera tematisk, med status som kommunedelplan. Planen gjer ikkje heimel for arealdisponering, men skal kunne gje tilrådingar til kommuneplanen sin arealdel.

Kommunedelplanen vil ha fleire viktige funksjonar. Ein av dei vil vera å gje grunnlag for å søke om spelemidlar til idrettsanlegg, nærmiljøanlegg, og anlegg til friluftsføremål. Ut i frå eit folkehelseperspektiv skal ulike tiltak i planen sjåast i samanheng med det førebyggjande og helsefremjande arbeidet jamfør kommunen sitt ansvar knytt til folkehelselova. Det er difor viktig at kommunen no får eit oppdatert planverktøy, som speglar dagens situasjon og behov i framtida, i høve statlege, regionale og kommunale føringar.

Planen skal vera eit overordna politisk styringsdokument, samt eit utgangspunkt for rådmannen sitt administrative arbeid innan områda idrett og fysisk aktivitet. Såleis vil planen vera styrande i høve samarbeid mellom kommunen og frivillige lag og organisasjonar.

Planen skal utgreie og sikre:

- Klare målsettingar for kommunen si satsing på idrett og fysisk aktivitet
- Mål for anleggsutbygging og sikring av areal til idrett og friluftsliv
- God kommunal styring av anleggsutbygginga
- Klare politiske prioriteringar innan planfeltet
- Tydelege rolle- og ansvarslinjer i høve lag og organisasjonar

2 Overordna føringar og rammer for planarbeidet

Etter plan- og bygningslova skal nasjonale og regionale rammer og retningslinjer leggjast til grunn ved kommunal planlegging. Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet skal utarbeidast i samsvar med desse. Anlegg for idrett og fysisk aktivitet som det skal søkast om spelemidlar til, må vere innarbeidd i ein kommunal plan. Eit av måla med planen er å få ein oppdatert og langsiktig plan for utvikling av idrettsanlegg i kommunen.

2.1 Nasjonale føringar

Grunngjevinga for ein statleg medverknad og støtteordning til idrettsføremål er knytt til eigen og nytteverdien av fysisk aktivitet der nytteverdien særskild er knytt til førebygging og helsefremjing.

- St.meld. 14 (1999-2000), idrettslivet i endring
- St.meld 39 (2000-2001), Friluftsliv – ein veg til høgare livskvalitet
- St.meld 16 (2002-2003), resept for et sunnare Norge
- St.meld 39 (2006-2007), frivillighet for alle
- St.meld 26 (2001-2012), Den norske idrettsmodellen
- St.meld 34 (2012-2013), Folkehelsemeldingen
- Handlingsplan for fysisk aktivitet 2005-2009, Saman for fysisk aktivitet
- St.meld 47 (2008-2009), samhandlingsreforma
- Friluftslova – St.meld nr 39 (2000-2001) og Prop. 88 L (2010-2011)
- Helse- og omsorgstenestelova - 2011
- Folkehelselova – Helse- og omsorgstjenesteloven – 2011

Folkehelselova gjev dei viktigaste formelle rammene for folkehelsearbeidet, der kommunen blir pålagt det heilskapelege ansvaret.

2.2 Regionale føringar

Det regionale nivå gjer føringar til kommunane gjennom sine regionale planar.

- Fylkesdelplan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2008 – 2012 (gjeldande)
- PREMISS: KULTUR, regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025 (høyringsplan)
- Fylkesdelplan 2006 – 2009, Deltaking for alle – universell utforming
- Fylkesdelplan for kystsona 2001 – 2004
- Plan for idrett, friluftsliv og kulturanlegg i Sunnhordland 2009 – 2013
- Regional plan for folkehelse – fleire gode levekår for alle 2014-2025

2.3 Kommunale planar

- Kommuneplan 2013 – 2025
- Velferdsplan 2011 – 2014
- Den kulturelle skulesekken 2012 - 2014
- Skulebruksplanen 2014 – 2025
- Årleg handlingsplan for folkehelse

3 Gjeldande plan

Gjeldande plan blei utarbeidd for perioden 2003 – 2006.

Overordna mål (ny plan)

Det overordna målet er at innbyggjarane i Bømlo kommune får gode tilhøve for idrett og fysisk aktivitet, slik at dei kan få høve til å halda seg i aktivitet ut frå egne interesser og føresetnader. Dette skal vera mogleg på allment tilgjengeleg område og i anlegg som er lagt til rette i rimeleg geografisk nærleik til der dei bur og elles i naturen. Det er eit nasjonalt mål at det bør leggjast til rette med turområde nært opp til bustadområde for å stimulere til auka fysisk aktivitet.

Delmål (ny plan)

Med bakgrunn i dette ynskjer Bømlo kommune

- Å leggja tilhøva til rette slik at alle sosiale grupper skal kunne driva idrett ut frå egne føresetnader
- Å arbeide for eit tilbod som og omfattar personar som i dag er inaktive, med hovudvekt på barn og unge
- Å stimulera til breiare deltaking – friluftsliv for alle
- At areal avsett til friområde/grøntområde, ikkje skal vera mindre enn det dei er i dag
- At det ved utarbeiding av kommune- og reguleringsplanar blir innarbeidd areal og anlegg for leik, idretts- og friluftaktivitetar som ein del av bumiljøet
- Å leggja til rette for konkuransidrett og mosjonsidrett
- At det bør vera høve til å konkurrera innanfor dei største idrettane i Norge spesielt, og i dei idrettane som det eventuelt vil vera stor interesse for i Bømlo spesielt
- At det blir lagt vekt på å sikra område, byggja og vedlikehalda fleirbruksanlegg som dekkjer trongen til fleire idrettsgreiner, aktivitetar og brukargrupper
- At rørslehemma skal ha tilgang til idrettsanlegg og gjevast gode og varierte tilhøve for friluftsliv
- At det ved bygging av anlegg og tilrettelegging av område for idrett og fysisk aktivitet, blir tatt omsyn til landskapsvern, miljømessige og estetiske tilhøve
- Å stimulera innbyggjarane til å bruka det som blir opparbeidd, samt å bruka naturen slik han er.

3.1 Handlingsprogram for idrett og fysisk aktivitet 2003 – 2006

Dette er prosjekta som kommunen satsa på i førre planperiode. Nærmiljøanlegg, rehabilitering og friluftsliv er prioriterte område frå statleg og fylkeskommunalt hald.

Pri	Anlegg	Type anlegg
1	Kaianlegg Finnås/Bømlo sportsdykkere	Ordinært anlegg
2	Hestesportanlegg Moster	Ordinært anlegg

3	Kunstgrasbane Bremnes	Ordinært anlegg
4	Fleirbrukshall Langevåg	Ordinært anlegg
5	Fleirbrukshall Rubbestadneset	Ordinært anlegg
6	Fleirbrukshall Gilje	Ordinært anlegg
7	Fleirbrukshall Foldrøy	Ordinært anlegg
8	Klatrevegg Langevåg	Ordinært anlegg
9	Aerobic/styrkerom Langevåg	Ordinært anlegg
10	Skytebane Langevåg	Ordinært anlegg
11	Sosialrom Langevåg	Ordinært anlegg
12	Fleirbrukshall Moster	Ordinært anlegg
	Nærmiljøanlegg	
1	Fleirbruksflate Svortland skule	
2	Ballbinge Våge skule	
3	Ballbinge Håvik skule	
4	Ballbinge Svortland skule	
5	Balløkke Foldrøy skule	
6	2 byggjesteg Hillestveit skule	
	Rehabiliteringsprosjekt	
1	Vika skytebane/Bømlo skyttarlag	
2	Turnhall Rubbestadneset/Rubbestadneset idrettslag	
3	Friidrettsanlegg/Sentralidrettsanlegget	

4. Omfang av planarbeidet – viktige problemstillingar

Kulturdepartementet har følgjande krav til innhald som skal innarbeidast i kommunedelplanen

- Klare målsettingar for kommunen si satsing på idrett og fysisk aktivitet
- Mål for anleggsutbygging og sikring av areal til idrett og friluftsliv
- God kommunal styring av anleggsutbygginga med analyse av langsiktige og kortsiktige behov for både anlegg og aktivitet
- Det skal gjerast greie for samanheng med andre planar i kommunen
- Prioritert handlingsprogram for utbygging av idretts- og friluftsanlegg
- Økonomiplan knytt til drift og vedlikehald av eksisterande og planlagde anlegg
- Uprioritert liste over langsiktige behov for anlegg
- Tydlege rolle- og ansvarlinjer i høve lag og organisasjonar
- Resultatvurdering av førre plan, med statusoversikt.

Viktige problemstillingar i planarbeidet

- Utforming av mål, strategiar og tiltak, skal underbygge statlege, regional og lokale føringar og vere grunnlag for langsiktig politikk i kommunen
- Idrett i Bømlo – status og utfordringar

Høyringsframlegg planprogram – kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet

- Friluftsliv i Bømlo – status og utfordringar
- Uorganisert aktivitet – status og utfordringar
- Universell utforming av anlegg ute og inne – status og utfordringar
- Korleis motivere til frivillig innsats for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse i Bømlo.

5 Behov for utgreiingar

Registrering av anlegg

- Ordinære anlegg – status – behov
- Nærmiljøanlegg – status – behov
- Friluftsliv

I samband med samhandlingsreforma var det stort fokus på å studera og knyte gode tiltak for å betre helsetilstanden til befolkninga. Uttrykket folkehelsearbeid i ulike samanhengar blei lansert, og førebygging og helsefremjing for å styrke folkehelseperspektivet inn mot arbeidet i denne planen er viktig for å sjå kva tilrettelegging for idrett og fysisk aktivitet betyr for den generelle folkehelsa. Alt frå trivsel og livskvalitet til eit større samfunnsøkonomisk perspektiv.

6. Organisering og medverknad

6.1 Organisering

Planen ligg under området for oppvekst, kultur og idrett. Folkehelsekoordinator og arealbruk blir sentrale parter i arbeidet med planen.

Leiargruppa er styringsgruppe for planen medan utval for oppvekst, kultur og idrett er referansegruppe.

Arbeidsgruppa er sett saman av representantar frå administrasjonen samt frå Bømlo idrettsråd og friluftsrådet.

Arbeidsgruppa har ansvaret for å gjennomføra naudsynte utgreiingar og arbeide fram innhaldet i planen, samt halde styringsgruppa orientert.

6.2 Medverknad

Kommunen er ansvarleg for varsling, offentlig høyring og ettersyn av plansaker. I den nye plan- og bygningslova er det lagt større vekt på medverknad for å få med fleire interessentar i planarbeidet. Me vil involvera innbyggjarane mellom anna ved å nytta Bømlo idrettsråd og Friluftsrådet i arbeidsgruppa, slik at lag og organisasjonar kan koma med innspel og tilbakemeldingar undervegs. I dialogmøte med lag og organisasjonar vil ein nytte høve til å motta innspel direkte.

Informasjon om planarbeidet vil bli tilgjengeleg på heimesidene til kommunen. Ein vil og prøva å nå ut med informasjon om arbeidet gjennom pressa.

7 Framdriftsplan og planprosess

Kva	Når
Vedtak om planprogram i OPK	September 2014
Planprogram til høyring	6 veker
Utgreiingsarbeid/kartleggingar	September/oktober
Innarbeiding av innspel og justeringar til plan	Oktober/november
Dialogmøte med lag og org.	2. oktober
Vedtak av planframlegg	November